

VEDTEKTER FOR SANDE BARNEHAGE



Innhold

1. Namn 1	2
2. Føremål.....	2
3. Medlemmer	2
4. Rettsleg disposisjonsevne. Ansvar for gjeld.....	2
5. Årsmøte	2
6. Årsmøtet sine oppgåver.....	2
7. Avstemmingsreglar for årsmøtet.....	3
8. Ekstraordinært årsmøte	3
9. Eigarstyret og den daglege leinga	3
10. Eigedomstilhøve	4
11. Opplysing, avvikling eller sal	4
12. Eigartilhøve	5
13. Føremål.....	5
14. Opptaksmynde.....	5
15. Opptakskrins og opptakskriterium	5
16. Opptaksperiode og oppseiingsfrist	6
17. Oppseiingstid	6
18. Foreldrebetalning	6
19. Dugnad	6
20. Leike- og oppholdsareal	7
21. Opningstid og ferie.....	7
22. Planleggingsdagar	7
23. Teie- og opplysningsplikt	7
24. Internkontroll	7
25. Bruk av barnehagen.....	7
26. Samarbeidsutvalet og foreldrerådet si samansetting, mynde, m.m.....	8
27. Foreldrerådet	8
28. Foreldresamtalar	8
29. Endring av vedtekter	8

1. Namn

Foreininga sitt namn er Sande Barnehage. Verksemda er ei økonomisk foreining.

2. Føremål

Foreininga sitt føremål er å eige og drive barnehage på Sande. Verksemda har eit ideelt (ikkje økonomisk) føremål. Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og føreskrifter for barnehageverksemdu.

3. Medlemmer

Medlemmene i Sande kvinne- og familielag er medlemmer i foreininga Sande barnehage.

4. Rettsleg disposisjonsevne. Ansvar for gjeld.

Foreininga er eit eige rettssubjekt med avgrensa ansvar for gjeld. Det einskilde medlem har ikkje ansvar for foreininga sine økonomiske forpliktingar.

5. Årsmøte

Årsmøtet er foreininga sitt øvste organ. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av 15. februar. Årsmøtet vert kalla inn skriftleg av styret med minst 1 månads varsel. Slikt varsel skal innehalde førebels dagsorden. Forslag til saker frå medlemmene må vere sendt styret seinast 2 veker før årsmøtet. Endeleg dagsorden skal sendast medlemmene minst 1 veke før årsmøtet. Saman med endeleg dagsorden vert det sendt ut sakspapir med forslag til vedtak frå styret.

Årsmøtet kan ikkje handsame forslag som ikkje er oppført på dagsorden.

Alle medlemmer har møterett til årsmøtet. Medlemmene kan vere representert ved fullmakt.

På årsmøtet skal det førast referat. Møteleiar har ansvar for at det vert ført årsmøtereferat. Oppdatert medlemsliste skal ligge ved referatet.

6. Årsmøtet sine oppgåver

Styret føretek innkalling og fastset sakslista som blant anna skal innehalde:

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Val av møteleiar, referent og to personar til å underskrive årsmøtereferatet.

Godkjenning av rekneskap og orientering om budsjett.

Val av medlemmer til eigarstyret. Styreleiar vert vald særskilt.

Eventuelle forslag til vedtektsendringar.

Andre saker som er korrekt melde inn for handsaming.

7. Avstemmingsreglar for årsmøtet

Eit vedtak i årsmøtet krev at fleirtalet av dei som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Om tal stemmer er likt, gjeld det som styreleiar har stemt for. Blanke stemmer vert ikkje talde. Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene.

Det vert ikkje stilt krav til kor mange av dei med stemmerett som må vere til stades for at årsmøtet skal vere vedtaksføre. Ein kan stemme ved fullmakt. Ingen kan vere fullmektig for meir enn eit medlem. Fullmakta skal vere skriftleg og datert.

8. Ekstraordinært årsmøte

Ein skal avvikle ekstraordinært årsmøte når enten leiar i eigarstyret eller minst halvparten av styret krev det. Det same gjeld dersom minst ein tredel av medlemmane krev det. Det vert innkalla på same måte som ordinært årsmøte, men med minst 14 dagars varsel. Sakspapira skal omtale sakstilhøve og gjengi forslag til vedtak. Det skal også informerast om kven som har kravd at møtet vert halde.

9. Eigarstyret og den daglege leiinga

Styret er økonomisk ansvarleg for barnehagen si drift og skal vere eit kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer styret som barnehagen sitt øvste organ mellom årsmøta. Styret er vedtaksføre når 2/3 av medlemmane er til stades.

Eigarstyret tilset dagleg leiar som har det daglege administrative, økonomiske og faglege ansvaret for drift av barnehagen og som skal ivareta arbeidsgjeveransvaret.

Den daglege leiinga skal vere i henhold til:

Gjeldande lov-, og regelverk

Eigarstyret sine overordna strategiske føringer

Stillingsinstruksen for dagleg leiar fastsett i styret

Eigarstyret skal fastsetje ein strategiplan for barnehagedrift og dagleg leiar skal levere kvartalsrapporter ihht denne strategiplanen ein gang pr. kvartal.
Styreleiar skal avhalde ein årleg medarbeidarsamtale med dagleg leiar.

Eigarstyret skal setjast saman av medlem i Sande kvinne- og familielag (SKFL) - gjeld ikkje tilsettrepresentanten. Eigarstyret skal totalt ha minst 5 medlem, der minst ein skal vere føresett i barnehagen. Det skal veljast ein representant frå tilsette. Styremedlem tenestegjer på ubestemd tid. Nestleiar i barnehagen kan vere tilstades som observatør. Årsmøtet har valt vekk varamedlem. Det er viktig med kontinuitet i styret. Styret kan ikkje bytast ut i si heilheit.

Årsmøtet set fast honorar til medlemmar av eigarstyret.

Eigarstyret si arbeidsform og oppgåver:

Eigarstyret fastset ein styreinstruks for sitt arbeid, denne instruksen skal reviderast årleg. Eigarstyret skal kontrollere og godkjenne barnehagen sine kvalitets-, og internkontrollsysteem etter ein årleg revisjon, ihht barnehagelovens §9, og delta i hovudvernernunden.

Styremedlem skriv under avtale om teieplikt når dei tiltre i styret.

Styredokument vert arkivert på barnehagen si digitale lagringsplattform og det er dagleg leiar og styreleiar i fellesskap som har signaturrett og ansvar for forsvarleg lagring av dokumenta.

Dagleg leiar i barnehagen har møte- tale og forslagsrett, er saksførebuar og sekretær i styremøta.

10. Eigedomstilhøve

Sande Barnehage leiger lokala i Selstadvegen 11 av SKFL mot drift og vedlikehald, eiga avtale om dette skal utformast av SKFL og godkjennast i eigarstyret før den vert signert ihht signaturrett.

Sande Barnehage eig lokala i Steiavegen 120.

11. Oppløysing, avvikling eller sal

Oppløysing/avvikling/sal av foreininga kan berre handsamast på årsmøte. Vert dette vedteke med 2/3 fleirtal av dei frammøtte, vert det innkalla til ekstraordinært årsmøte 1 månad seinare. For at oppløysing/avvikling/sal skal skje, må vedtaket her gjentakast med 2/3 fleirtal av samlede medlemmer. Ved oppløysing skal foreininga si formue tilfalle fond som skal disponerast av medlemmene i Sande kvinne- og familielag etter gjeldsavlegging. Styret i Sande kvinne- og familielag må lage statuttar for dette fondet.

Vedtekter for Sande Barnehage i høve til Barnehagelova

12. Eigartilhøve

Barnehagen vert driven av foreininga Sande Barnehage og medlemmane i foreininga Sande Barnehage er årsmøtet.

13. Føremål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.» (Barnehagelova § 1 Formål, 1. ledd)

Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, føreskrifter, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan/utviklingsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen.

14. Opptaksmynde

Opptak av barn til barnehagen vert føreteke av barnehagen sin daglege leiar, i samarbeid med samordna opptak i Sunnfjord kommune.

15. Opptakskrins og opptakskriterium

Opptakskrins er Vestland fylke

Opptakskriterium for Sande Barnehage:

A) I følgje barnehageloven § 18 har barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, rett til prioritert ved opptak i barnehage

B) Søsken av barn i barnehage

C) Barn som soknar til Sande barneskule

D) Minoritetsspråklege barn

E) Barn utan spesiell prioritering

Denne avgjerda kan fråvikast av styret, om særskilde grunnar tilseier det.

16. Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Opptak av barn skjer kontinuerleg, men fortrinnsvis ved samordna opptaksprosess.

Barnehagen tek ikkje inn barn frå januar til og med juli. Foreldre som ynskjer plass på våren må ta imot plassen per 1. desember året før.

Barn yngre enn 10 månadar har ikkje rett på plass i Sande Barnehage. Styret kan innvilge dispensasjon.

Barn som er tildelt fast plass, får behalde plassen til skulestart.

17. Oppseiingstid

Det er 3 månadar oppseiingstid, det vil seie oppseiingsmånaden pluss 2 påfølgjande månader. Seier du til dømes opp i løpet av januar, gjeld oppseiinga januar, februar og mars. Seier ein opp plassen med sluttdato frå 1. mai og utover må ein betale ut barnehageåret.

Denne avgjerda kan fråvikast om særskilde grunnar tilseier det. Dagleg leiar tek avgjerda og informerer styret.

18. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga vert fastsett av styret.

Ein betalar for 11 månader i året, august er betalingsfri. Matpengar kjem i tillegg.

Matpengar skal være kostnadsdekkande og ikkje inntektsbringande. Barnehagen serverer eit varmt måltid minst ein gang i veka. Barn som skal ete frukost i barnehagen skal ha med matpakke, men barnehagen serverer eit frukostsupplement.

Det vert gjeve syskenmoderasjon; 30% for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire. Det barnet med størst plass vert rekna som 1. barn.

Ein kan miste plassen ved uteståande betaling utover 2 månader.

19. Dugnad

Føresette som nyttar barnehageplass pliktar å delta på dugnad som vert arrangert av barnehagen.

20. Leike- og oppholdsareal

Norm for arealutnytting er 4 m² leike- og oppholdsareal pr. barn over 3 år, og 5,3 m² for barn under 3 år.

21. Opningstid og ferie

Opningstida i barnehagen er 9,5 timer. Frå 7.00 til 16.30.

I romjula og påskeveka er opningstida behovsprøvd. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl.12.00. 24. og 31. desember held barnehagen stengt.

Det må minimum vere 5 born i barnehagen for å halde ope.

22. Planleggingsdagar

Sande barnehage har 5 planleggingsdagar i året.

Foreldre/føresette skal ha melding om planleggingsdagar minst ein månad på førehand.

23. Teie- og opplysningsplikt

Eigarstyret, samarbeidsutvalet og barnehagen sine tilsette har teieplikt i henhold til forvaltningslova (jfr. Lov om barnehager §§ 20).

24. Internkontroll

Barnehagar vert godkjent etter ‘Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler’, og omfattast av ‘Forskrift om internkontroll’. Dokumentasjon finst i barnehagen sine digitale internkontrollsysteem.

25. Bruk av barnehagen

Når det ikkje er til hinder for dagleg drift kan barnehagen sine lokale brukast til andre møte og aktivitetstilbod. Bruk av lokala utanom opningstida vert avgjort i enkeltilfelle av dagleg leiar i barnehagen, øvrige tilfelle vert handsama av styret i barnehagen.

Dagleg leiar er ansvarleg for utleige og bruk.

Røyking og servering av alkohol er ikkje tillate i barnehagen.

26. Samarbeidsutvalet og foreldrerådet si samansetting, mynde, m.m.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit samordnande, rådgjevande og kontaktskapande organ for barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal ha minimum 2 møter i året.

Foreldrerådet og dei tilsette vel 2 representantar kvar til samarbeidsutvalet. Dagleg leiar er eigar sin representant i SU. Eigar kan velje å delta med fleire representantar, men ikkje med fleire enn dei andre gruppene er representerte med. SU konstituerer seg sjølv.

Foreldre og tilsette sine representantar vert vald for 1 år av gangen.

27. Foreldrerådet

Eit foreldreråd er sett saman av alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje saker som er av felles interesse for foreldre/føresette.

Når foreldrerådet drøftar spørsmål som må avgjera ved avstemming, har ein ei stemme for kvart barn.

28. Foreldresamtalar

Barnehagen skal tilby foreldre/føresette ein samtale pr. barnehageår. Denne samtalen er obligatorisk. Ut over dette kan begge partar be om samtale når dei meiner det er trøng for det.

29. Endring av vedtekter

Endring av vedtekten skjer i årsmøte for Sande

Barnehage. **Vedtekten vart revidert 11.03.2024**